



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato
04.04.2017
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2017/4674
Dykkar referanse
«REF»

Kommunane i Hordaland
Barnehagemynda

Midlar til studietilrettelegging for barnehagetilsette 2017-2018 – lokal prioritering

Barnehageeigarar kan også neste studieår søkje om midlar for å leggje til rette for studiar for tilsette. På grunn av at det er ulike lokale behov, vil det bli lyst ut midlar for lokale prioriteringar hausten 2017. Desse midlane kjem i tillegg til midlar som Utdanningsdirektoratet gir gjennom søkjarportalen. **Fylkesmannen ber om at kommunane orienterer alle barnehageeigarane om dette tilskotet.**

For studieåret 2017- 2018 har Fylkesmannen i Hordaland kr 1 689 mill. tilgjengeleg til søkjarar som har tilsette som tek vidareutdanning. Ein kan søkje inntil kr. 50 000,- for minimum 30 studiepoeng/fagskolepoeng (1 studiepoeng tilsvarer kr. 1 700). *Studieplassar som er innvilga via Utdanningsdirektoratet sin søkeportal får tilretteleggingsmidlar gjennom søknad i søkjarportalen. Difor er desse studiane ikkje omfatta av denne tilskotsordninga.*

Kva studiar kan inngå i denne ordninga?

- Arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning
- Deltids barnehagelærerutdanning
- Vidareutdanning for barnehagelærarar
- Ulike PUB-studiar for barnehagelærarar - særleg med fokus for barn med særskilte behov
- Fagskuleutdanning for barne- og ungdomsarbeidarar
- Andre utdanningar vil også kunne bli vurdert

Studiar som ikkje er omfatta av tilskott for lokal prioritering

- Språkutvikling og språklæring
- Læringsmiljø og pedagogisk leiing

- Naturfag og matematikk
- Tilleggsutdanning i barnehagepedagogikk (TiB), for nye studentar med opptak i 2017
- Rettleiarutdanning for praksislærar

Kva kan ein bruke tilskottet til ?

Målet med ordninga er å stimulere til at tilsette i barnehagen utviklar sin kompetanse. Økonomisk støtte gir eigarar (kommunar og private) høve til å leggje til rette for kompetanseutvikling hos sine tilsette. Midlane er knytt til den enkelte tilsette slik at studiet kan bli gjennomført på ein god måte.

Som hovudregel skal midlane ikkje utbetalast som stipend, fordi dei då vil bli skattepliktige og utløyse arbeidsgjevaravgift. Midlane kan brukast til:

- vikarmidlar for at den tilsette skal få permisjon med lønn (arbeidsgjevaravgift for vikar må ein dekke innanfor tildelt ramme).
- å dekke reise- og/eller opphaldsutgifter, studiemateriell for den tilsette.
- å dekke utgifter den tilsette har etter rekning/faktiske utgifter. Utgiftene må kunne dokumenterast.

Korleis søkje om midlar for studieåret 2017 – 2018 ?

Midlane vil bli lyst ut etter studiestart hausten 2017. Søknadsskjema og søknadsfrist og blir gjort kjent i utlysinga. Barnehageeigar planlegg søknaden i samråd med studenten. Den det blir søkt for må ha minimum 50 prosent arbeidsforhold i barnehagen.

Lokal prioritering

Barnehagemyndigheita i kommunen mottok alle søknadene. Kommunen føretek ei prioritering av søknadene på grunnlag av kommunen sitt kjennskap til lokale kompetansebehov. På bakgrunn av dette avgjer Fylkesmannen søknaden og tildeler midlar.

Utbetaling

- Midlane blir utbetalt til den kommunen barnehagen ligg i: Kommunen må overføre midlane til barnehagen der den som studerer, er tilsett.
- Halvparten av beløpet blir utbetalt hausten 2017, resten våren 2018.

Vi viser ellers til informasjon om tilretteleggingstilskott for vidareutdanning på Udir.no.

Med helsing

Marianne Svege
Seniorrådgjevar

Ingunn Landro Sandset
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.